



Energidepartementet

Bergen, 30.08.2024

## Uttale, endringar i energilovforskrifta

DNT viser til Energidepartementet sin høyring av endringar i energilovforskrifta. DNT har tidlegare sendt innspel til endringar i KU-forskrifta om meldeprosess for kraftleidningar og solkraftanlegg. Vi har også levert innspel til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til solkraftanlegg på land, og vil leve uttale til endringar i energilova (heimel for tidleg avslutning mm). Vi antar og oppmodar om at sakene vert handsama samla.

### Bakgrunn

*Regeringen vil innføre en effektgrense for konsesjonsplikt for solkraftanlegg på 5 MW. Forslaget gjør det lettere for kommunene å selv godkjenne utbygging av solkraft. Det vil også føre til en kraftig nedgang i antall konsesjonssaker i behandling hos NVE. Selv om forslaget tar utgangspunkt i en grense på 5 MW, ønsker departementet høringsinstansenes syn på en mulig grense på 10 MW.*

### DNT sine innspel oppsummert:

- DNT støttar ei konsesjonspliktgrense på 5 MW.
- Denne grensa bør då og gjelde for melding, utgreiingsprogram og konsekvensutgreiing (jf. endringar i forskrift om konsekvensutgreiingar).
- DNT vil rá sterkt i frå ei konsesjonspliktgrense på 10 MW då dette tilseier eit vesentleg større arealinngrep som bør handsamast på eit meir overordna plan av vassdrags- og energimyndighetene.
- DNT støttar den nye føresegna om opplysnings- og rapporteringsplikt for konsesjonsfrie anlegg
- DNT meiner at før ei eiga konsesjonspliktgrense, eller eit "hurtigløp" for grå areal bør innførast, må grå areal definera/kategorisera, og kartleggast. Ein må ikkje risikere å bygge ned semi-grå område med intakte natur- og friluftslivskvalitetar, eller område som er eigna for naturrestaurering.
- Vi støttar og NVE si oppfordring om å vurdere kva krav som stillast til konsesjonær, som og bør gjelda anlegg som ikkje er konsesjonspliktige, særleg punktet om å stille finansiell sikkerheit for framtidig nedlegging.

## **Merknader:**

DNT har tidlegare tatt til orde for ei meldepliktgrense på 10 MWp, eller knytt til arealbeslag. Slik vi forstår det vil gjennomsnittleg arealbeslag ved 5 MW vere tilsvarende som for 10 MWp, dvs 100 dekar, og vi meiner det vil vere ei fornuftig grense for konsesjonsplikt. Eit viktig premiss for dette er at kommunane handsamar anlegg under 5 MW som normalt etter plan- og bygningslova, med krav til reguleringsplan, planprogram og konsekvensutgreiing jamfør pbl. §§ 4-1 og 4-2.

Vi ser vidare ingen grunn til å skilje mellom konsesjonsplikt og meldeplikt med påfølgande utgreiingsprogram og KU. Konsesjonsprosessen vil blir ryddigare og meir forutsigbar om dette har same innslagspunkt. Det er lite å spare i tid og ressursar om eit fåtal anlegg mellom 5MW (endringa i energilovforskrifta) og 10MWp (endringa i KU-forskrifta) kan droppe melding og utgreiingsprogram og gå rett til søknad med konsekvensutreiling.

Forslaget om ei konsesjonspliktgrense på 10 MW meinar vi er altfor høg. Dette tilsvrar eit arealbeslag på 200 dekar. Bit-for-bit nedbygginga av Noreg viser at det kan få uheldige konsekvensar om kommunane får høve til å forvalte og handsame så store arealsaker utan ei meir heilsakleg tilnærming og føringar på tvers av kommunegrenser. Med det presset som no er på fornybarutbygging, og særskild dei mange initiativa til solkraftanlegg som føreligg, er det svært viktig å sikre overordna vurderingar av utbyggingane. NVE har betre føresetnader for å sjå heilsakleg på miljø- og naturkonsekvensane av solkraftutbygginga over større område/regionar enn kommunane har. DNT vil derfor rá sterkt i frå ei konsesjonspliktgrense på 10 MW.

DNT meiner at konkrete skrankar for lokalisering/naturomsyn i heimel for tidleg avslutning vil vere eit meir nyttig verktøy for å rydde i køen av konsesjonssaker (nett, vind, sol) og dermed få ned sakshandsamingstida, enn å legge endå fleire saker over på kommunane. Vi viser til vår uttale til endringar i energilova.

Med helsing

Dag Terje Klarp Solvang  
Generalsekretær  
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen  
Rådgjevar  
Den Norske Turistforening